

Takstpartnerest Henning Jørgensen
Saudalskleivane 123
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7365 - 22/87234

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
15.11.2022

Førerels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 464/85 Haugstad

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 464/85
Tiltakshavar: Frederik Rudolf Dame
Ansvarleg søker: Takstpartnerest Henning Jørgensen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.10.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje lagt fram fullmakt frå heimelshavar til gbnr 464/85. Alver kommune legg til grunn at ansvarleg søker har fullmakt frå heimelshavar til å søkje om arealoverføring. Til informasjon nyttar kommunen eit eigenutvikla skjema for søknad og rekvisisjon av oppmålingsforretning. Praksis er då at om det vert gjeve løyve til tiltaket vert saka overført til oppmålingsavdelinga. Dersom det vert gjeve løyve til arealoverføring i denne saka må det rekvirerast oppmålingsforretning etter matrikkellova.
2. I kommunedelplan for Radøy er det i punkt 2.1 i føresagnene sett krav om at område sett av til bygg og anlegg etter pbl. § 11-7 nr. 1 skal inngå i reguleringsplan før det mellom anna kan gjevast løyve til arealoverføring. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå reguleringskravet. Søknad om dispensasjon skal nabovarslas.
3. Det er ikkje opplyst kva eigedom omsøkt areal skal arealoverførast til. Dette må komme fram.
4. Det ser ikkje ut til at eigar av gbnr 464/109 er nabovarsla. Det må leggjast fram kvittering for nabovarsling til gbnr 464/109.
5. Slik grensene er teikna, kjem grensa nærmare enn 4 meter frå eksisterande bygg. Det må derfor leggjast fram skriftleg samtykke om at dette er greitt.
6. Kommunen ser i tidlegare saker på eigedomen at det ser ut til at gbnr 461/2 har bruksrett til naustet som står på arealet som no vert søkt arealoverført. Det må

avklarast om dette er tilfelle. Om gbnr 461/2 har bruksrett må det leggjast fram kvittering for nabovarsling til gbnr 461/2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.12.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Takstpartnervest Henning Jørgensen

Saudalskleivane 123

5136 MJØLKERÅEN